

Over til stafettmeisterskapet



Godt kort for UIL: Cathrine Haugland sist helg

Også til helga vert det hard kamp i løypa i Fjellhaugen og denne gongen står Rosendal Turnlag som arrangør. Denne gongen er det Kvinnheradmeisterskap i stafett og tevlinga går føre seg laurdag klokka 13 med barnerenn ein time før.



Godt kort for UIL: Tord Sæle (15) sist helg

Det er halslaus gjerning å tippa vinnarar, men vi kan minna om at Rosendal kapra mest gull i det tilsvarende meisterskapet i fjor. Uskedal stilte riktignok med 7 av dei 25 laga, men det vart ingen stor medaljehaust. Kanskje gjer dei seg sterkare gjeldande i år? Uansett er det noko eige med stafett!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Solide karer frå Ternen: Magne Heien og Iver Blokum mot mål i følge sist helg